# Bolk-bestilling frå Leganto-lista – rettleiing

**Litt generelt om Bolk-bestilling**

- Berre bokutdrag skal klarerast/bestillast i Bolk (ikkje tidsskriftartiklar).
- All bruk under 15 % av ei bok er tillate.
- Ofte kan ein få godkjent å bruke meir enn 15 %, men dette krev som regel ekstra klarering – og det medfører ein ekstrakostnad.
- Bolk kan levere innhaldsfiler til mange bøker, men ofte ikkje for utanlandske bøker.
- Alternativ dersom Bolk ikkje har fil: Skanne sjølv og laste opp pdf-fil. Men sjølve klareringa må uansett gjerast i Bolk.
- Heilt eller nokså ny bok: Det kan vere at tittelen ikkje har kome inn i Bolk. I så fall kan ein sende ein e-post til contact@kopinor.no (med ISBN) og be dei legge til tittel.

*NB! Vent med å sende bestilling til pensumlista er ferdigstilt frå biblioteket.*

**Bolk-bestilling kort fortalt** (detaljar følgjer nedanfor):

- Gå inn på Bolk-førespurnad i Leganto-lista
- Fylle ut tal studentar og ev. sidetal (kjem delvis automatisk), bestille (= send).
- Når du har gjort dette for alle referansane som skal i Bolk: Klikk på lenke i Leganto (= «Klarering i Bolk») som fører deg til Bolk.
- I Bolk: Sjekke at alt har kome med, deretter avslutte bestillinga.
- Etter kort tid: Du får e-post frå Kopinor om at bestillinga er fullført.

*Detaljert rettleiing følgjer på dei neste sidene*

## Bestilling i Leganto – korleis starte?

Du skal klikke på lenka Bolk-førespurnad. Denne finn du slik: Still musepeikar inne i referansen du vil bestille frå. Øvst til høgre får du opp «Alle detaljar, som du klikkar på.




Det opnar seg eit nytt vindu til høgre. Du skal gå inn på «Handlingar». Nedst vil det stå ei lenke til Bolk-førespurnad:




Klikk på denne lenka, og det opnar seg eit nytt vindu (sjå under). Sjekk/fyll ut sidetal og tal studentar (dersom referansen er lagt inn som kapittel, kjem sidetal automatisk inn). Legg ev. til ekstra sidespenn. Avslutt med Send.

*Du treng ikkje fylle inn nøyaktig studenttal, men det bør vere eit realistisk tal (dette blir justert når endeleg tal studentar blir rapportert).*




## Bestilling i Leganto – utdrag under 15 %

Dersom utdraget er under 15 %, vil du på same stad (Handlingar) sjå tilbakemeldinga om at det er godkjent *(bilde til høgre)*




Dersom du har registrert fleire utdrag frå same bok som enkeltkapittel, vil du få opp ei slik melding når du skal bestille utdrag nr. 2. Då trykkjer du berre på «OK».



## Bestilling i Leganto – utdrag OVER 15 %

For nokre bøker er utdrag over 15 % allereie førehandsgodkjent i Bolk. Då vil du i tillegg få opp ein pris. Dette er ekstrakostnad som avdelinga må betale:




Dersom utdrag over 15 % ikkje er førehandsgodkjent, vil det legge seg ein tag på referansen: «Clearance – action required». Gå inn igjen i bestillingsvinduet:




Dette krev ekstra klarering, altså at du må få godkjenning av Bolk til å bruke meir enn 15 %. Sjølve klareringa har ein fast pris, ca. 129 kr. Dette er ok, og du trykkjer på «Utvid klarering av rettar».

Status (og tag) endrar seg:




Du får samtidig ein e-post frå contact@kopinor.no: «Rettighetsklarering er bestilt». Dette kan gå fort – eller det kan ta nokre dagar. Du får e-post når det er klart.

## Alle utdrag bestilt i Leganto: Referansar har fått nye taggar

Dersom du lastar inn sida på nytt – eller går inn og ut av lista, vil du sjå at kvar referanse som er bestilt, har fått ein ny tagg:




Clearance – approved: Utdrag er godkjent

Clearance – waiting for approval: Utdrag over 15 % som ventar på godkjenning. Status vil endre seg når den er godkjent.



**Ferdig i Leganto – overgang til Bolk**

Klikk på meny øvst til høgre i lista (tre prikkar): Klarering i Bolk




Deretter klikk på lenka markert med gult:




Det kan vere ein fordel at du er innlogga i Bolk allereie, men viss ikkje, vil du få opp Feide-innloggingsvindu.

Bestillinga skal du no fullføre direkte i Bolk. NB! Dersom du ventar på klarering av utdrag, må du vente til du får tilbakemelding om godkjenning før du ferdigstiller bestillinga i Bolk.

## Bolk, del 1: Sjekk innhaldet

Du får opp ei oversikt over alt du har bestilt. Dersom det står «Kun registrering», betyr det at Bolk ikkje har innhaldsfil (sjå meir om det lenger nede).



Innhold i kompendiet

| Navn på tekstutdrag | Sidetall | Innholdstype | Status |
|---|---|---|---|
| Abbott, Andrew (1988):The system of professions : | 1-58 | Kun registrering | |
| Eliot Freidson (2001):Professionalism | 1-14 | PDF fra Bolk | |
| Eliot Freidson (2001):Professionalism (2) | 17-35 | PDF fra Bolk | |
| (2018):The Animation Studies Reader | 5-15 | Kun registrering | |
| McLuhan, Eric (1997):Essential McLuhan | 233-269 | PDF fra Bolk | |
| Nichols, Bill (2017):Introduction to Documentary | 1-28 | Kun registrering | |
| Nichols, Bill (2017):Introduction to Documentary (2) | 159-193 | Kun registrering | |
| (2016):European and International Media Law | 68-111 | Kun registrering | |

Antall sider: **246**

Estimert pris for bruk av innhold per student per semester: **0.000**

Kompendiefil   Hvert utdrag levert som enkeltfil

Endre innhold   Forhåndsvis

Levering og priser

| Rettigheter til bruk av digitalt innhold per student per semester | Antall | Pris per student (eks. mva) | Sum (eks. mva) |
|---|---|---|---|
| Prisdetaljer | 20 | 155,988 | 3119,76 |
| Trykte kompendier levert til: | 0 | 0,00 | 0,00 |

Høgskulen i Volda
Postboks 500
6101 VOLDA
Endre

Oppdater

**Å betale (ikke endelig avregnet):** **3119,76**

Dersom bestillinga ikkje har utdrag over 15 %, vil prisen vere null. I dette dømet er der med utdrag over 15 %. Totalpris er markert med gult. Dette er ein ekstrakostnad som avdelinga betalar. Prisen blir avrekna seinare når endeleg studenttal blir rapportert inn til Kopinor.

Klikkar du på «Forhåndsvis» under oversikta over tekstutdrag, vil kunne sjå alle utdrag der Bolk kan levere filer. Det kan vere lurt å sjekke at t.d. første og siste side i eit utdrag er rett (av og til kan ein ha lagt inn feil start- eller sluttside). *Sjå neste side*

Her kan du klikke på dei enkelte utdraga med filer. Heilt nedst vil du sjå sidetala. Ved å bruke gardinmenyen kan du bla deg gjennom – men som regel held det å sjekke første og siste side.




1

Professional Knowledge and Skill

In the most elementary sense, professionalism is a set of institutions which permit the members of an occupation to make a living while controlling their own work.[1] That is a position of considerable privilege. It cannot exist unless it is believed that the particular tasks they perform are so different from those of most workers that self-control is essential. There are other important ways of evaluating work which I shall discuss in later chapters, but here I want to establish the essential framework of distinctions that defines the type of knowledge and skill at the core of professionalism. The two most general ideas underlying professionalism are the belief that certain work is so specialized as to be inaccessible to those lacking the required training and experience, and the belief that it cannot be standardized, rationalized or, as Abbott (1991b: 22) puts it, "commodified." These distinctions are at the foundation of the social processes which establish the social and economic status of professional work, and while they are elementary, they are too important to take for granted. Here and in the next chapter I will analyze the technical and social assumptions employed in distinguishing different kinds of work with the aim of defining the particular kind of knowledge which is granted the

1 I deliberately avoid defining "work" here and elsewhere, though in this book I restrict myself primarily to activities of sufficient value to others that they provide the performer with economic resources in an exchange system. Professionalism is by definition the creature of an official economy which defines work as a legal gainful activity. I have discussed some of the problems of defining work elsewhere as, for example, Freidson 1990.

Når du har sjekka ferdig: Lukk. Viss du skal rette feil sidetal, sjå neste side.

**Bolk, del 2: Endringar før bestilling blir sendt**

Under innhaldsoversikta finn du også knappen «Endre innhold»:




Når du klikkar på den, får du fram ein annan versjon av innhaldsoversikta. Klikk på tittelen på referanse du vil gjere endringar på. Då får du opp skjermbildet nedanfor.

Det er to typar endringar du har bruk for:

1. Endre sidetal, jf. punktet ovanfor om førehandsvising. Dersom du der finn ut at sidetal er feil, kan du rette det her.

2. Dersom Bolk ikkje har ferdig innhaldsfil for eitt eller fleire utdrag, kan du likevel gjere eit forsøk, dvs. krysse av for tekst markert med gult (etterspørre innholdsfil). Dette kan ta litt tid, men av og til kan du få beskjed om at dei kan levere fil. Dersom det er ei heilt/nokså ny bok, bør ein prøve dette alternativet.




Husk å avslutte med «Oppdater utdrag» nedst.

**Bolk, del 3: Fullføre bestilling**

Nedst på sida, under innhaldsoversikt og prisoversikt, klikkar du på «Bestill» og eit par andre ting som kjem opp.

Etter kort tid får du ein e-post frå Kopinor:




**Er filene på plass i Leganto?**

Etter at du har fått e-posten, skal innhaldsfilene ha lagt seg i Leganto-lista.

Merk deg to detaljar:

1. Du må sjølv skanne og laste opp filer for dei utdraga der Bolk ikkje kunne levere innhaldsfil.
2. Dersom du har lagt inn ei bok med to utdrag med ulike sidespenn, som denne, må du gjere litt etterarbeid:







Dessverre fiksar ikkje Bolk (enda) at desse to utdrag automatisk blir lasta opp – det er berre første utdraget som kjem inn. Det du må gjere: Alle filene finn du under «Mine kompendier» (heilt til høgre).




Fil for utdrag nr. to, som altså ikkje har blitt lasta opp i Leganto, må «spleisast» saman med fil nr. 1 og lagrast som ei fil. Deretter må fila som ligg i Leganto slettast, og ny fil lastast opp. I Leganto klikkar du på blyant-ikon (= rediger referanse), deretter som vist på bildet.

NB! For å setje saman to pdf-filer må ein ha Adobe Acrobat. Treng du hjelp til dette, så ta kontakt med Bente Lien, [bentegl@hivolda.no](mailto:bentegl@hivolda.no). Send gjerne dei aktuelle filene med e-post, så er det fort gjort å fikse.